



Arkivnr: 2014/13889-58
Saksbehandlar: Lise Fauskanger Ådlandsvik

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland		21.02.2017

Alle barn sykler 2017 - søknad om tilskot

Samandrag

Pilotprosjektet «Alle barn sykler» i Hordaland er eit sykkelopplæringsprogram for 5. klassingar i regi av Bergen 2017 AS. Målet er å gje tilstrekkeleg opplæring og skape trygghet for barn på sykkel.

Alle barn sykler fekk fyrst gong tilskot frå Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) hausten 2015. Dette var dei midlane som opphavleg var sett av i FTU sitt 2015-budsjett til «Fylkesfinalen i sykling», - som då var avvikla. Alle barn sykler fekk i 2016 tilskot frå FTU på 62.500 kr.

Bergen 2017 har no sendt inn ein søknad om tilskot for 2017 på 62.500 kr. Fylkesrådmannen rår til at den årlege summen som er sett av i Handlingsplan for trafikkisikring i Hordaland (2014-2017) til Fylkesfinalen i sykling, vert tildelt Alle barn sykler. Dette inneber eit tilskot på 62.500 kr i 2017.

Forslag til vedtak

Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) tildeler Alle barn sykler 62.500 kr i tilskotsmidlar for 2017.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Budsjett 2017
- 2 Søknad om tilskuddsmidler for 2017
- 3 Alle Barn Sykler - statusrapport 2017

Fylkesrådmannen, 02.02.2017

Bakgrunn

Pilotprosjektet «Alle barn sykler» i Hordaland er eit sykkelopplæringsprogram for 5. klassingar i regi av Bergen 2017 AS. Målet er å gje tilstrekkeleg opplæring og skape trygghet for barn på sykkel.

Alle barn sykler fekk fyrst gong tilskot frå Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) hausten 2015. Dette var dei midlane som opphavleg var sett av i FTU sitt 2015-budsjett til «Fylkesfinalen i sykling», - som då var avvikla. Alle barn sykler fekk i 2016 tilskot frå FTU på 62.500 kr.

Fylkestrafikksikringsutvalet gjorde følgjande vedtak 2. september 2015:

1. «Fylkesfinalen i sykling» vert lagt ned som arrangement i regi av FTU. FTU ønskjer å vere ein del av arbeidet «Alle barn sykler», og vere med å utvide dette til å gjelde alle kommunane i Hordaland.
2. FTU omdisponerer midlane på 52.500 kr som er sett av til «Fylkesfinalen i sykling» for 2015, til prosjektet «Alle barn sykler», og tildeler desse midlane til Bergen 2017 AS som eit tilskot for 2015.
3. Planlagte midlar som er sett av til «Fylkesfinalen i sykling» i denne handlingsplanperioden vil kunne overførast til prosjektet «Alle barn sykler» ved budsjetthandling i 2016 og 2017, men løyvinga skjer etter årleg søknad.

Bergen 2017 har no sendt inn ein søknad om tilskot for 2017 på 62.500 kr. Bergen 2017 AS v/ Alle barn sykler fekk også tilskot på 500.000 kr frå Hordaland fylkeskommune for hausten 2016/våren 2017.

I tillegg har Bergen kommune løyvd 1 mill. kr for å kunne implementere Alle barn sykler i enno fleire skular.

I fylkesrådmannen sine kommentarar, i nemnde sak, heiter det følgjande:

Midlane som er sett av i handlingsplanen til Fylkesfinalen i sykling vil kunne overførast til prosjektet «Alle barn sykler» ved budsjetthandling i 2016 og 2017, men løyvinga vil skje etter årleg søknad. Det er i denne samanhengen viktig at FTU får rapportert kva som er gjort det føregåande året, og kva planar som ligg føre. Særleg har dette samanheng med at FTU ønskjer at flest mogleg kommunar skal kunne få tilbodet om «Alle barn sykler».

Etter fylkesrådmannen sitt syn så kan dette sykkelopplæringsprosjektet vere eit godt prosjekt for FTU å knyte seg til. Ein føresetnad bør vere at midlar frå FTU vert nytta til å gje flest mogleg kommunar i Hordaland dette tilbodet, og at det slik sett ikkje vert eit særleg fokus på Bergen kommune. Fylkesrådmannen meiner vidare at «Alle barn sykler» kan bidra til å nå mål i fleire regionale planar (folkehelse, klima og kultur), i den nasjonale sykkelsetninga og Bergensprogrammet.

Prosjektet vil også kunne vere med å løfte samarbeidet mellom avdelingane i fylkeskommunen, og på den måten tenkje meir heilskapleg.

Fylkesrådmannen sine kommentarar

Fylkesrådmannen ser at Alle barn sykler kan utviklast til eit godt sykkelopplæringsprosjekt. Det er ei målsetjing at flest mogleg av kommunane og skulane i fylket etter kvart kan ta del i dette. Etter fylkesrådmannen sitt syn er det viktig at arbeidet som no vert gjort har eit perspektiv utover Sykkel VM i 2017.

Fylkesrådmannen rår til at den årlege summen som er sett av i Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland (2014-2017) til Fylkesfinalen i sykling, vert tildelt Alle barn sykler. Dette inneber eit tilskot på 62.500 kr i 2017.